



# Forsand kommune

Fellestenester

Finansdepartementet  
Skattelovavdelinga  
Postboks 8008 Dep  
0030 OSLO

Saksbeh. e-post: alo@forsand.kommune.no

Dykkar ref.:

Dato: 17.09.2015

Saksbeh. tlf.: 51 700 127

Att:

Vår ref.: 15/569-2/K1-232//ALO

## Høyringsuttale frå Forsand kommune til Høyringsnotat - Eigedomsbeskatning av arbeidsmaskinar m.m. i verk og bruk.

Ein viser til tilsendt brev frå finansdepartementet datert 18.06.2015 med høyringsfrist 18.09.2015.

Forsand kommune vil uttale følgjande:

Forsand kommune ber regjeringa avvise departementet sitt forslag til endringar om eigedomskattlegging av verk og bruk i kommunane. Forslaget vil dersom det vert vedtatt, få negative konsekvensar økonomisk og dermed direkte negative følgjer for tenestetilbodet til innbyggjarane.

Forsand er vertskommune for ein samla kraftproduksjon på om lag 2000 GWh. I tillegg er det planar for 3 nye overføringslinjer igjennom kommunen dei komande åra. Dette er omfattande naturinngrep, der kommunen ser hen til auke i eigedomskattegrunnlaget som bakgrunn for positiv haldning til planlagde kraftoverføringar. Med departementet sitt forslag vil Forsand sitje att med bare ulempene. Det bør vere forståeleg at ei slik positiv haldning kan verta endra dersom departementet sine forslag får gjennomslag i regjeringa.

### Eigedomskatt

Forsand kommune vil som følge av bortfall av eigedomsskatt på kraftlinjer o.l. installasjonar få eit årleg tap på vel 2 mill. Med tre nye overføringslinjer kan ein stipulere 1 mill. i tillegg per år i tapt eigedomskatt. Årleg tap vert såleis 3mill.

Forsand kommune oppmodar med dette regjeringa om å avvise departementet sitt forslag.

Søren Jensen  
Rådmann